

Tiltaksbok Ambulanse / 10 - Adm.rutiner, avvik, juridiske forhold

#32694 - Legemiddelhåndtering etter prosedyre

Formål: Retningslinja er meint å tydeliggjere ansvar og føringar for legemiddelhandtering ved akuttmedisinske tilstandar i ambulansetenesta.

Legemiddelhåndtering og behandlingsprotokollar for ambulansetilsette

Det er ein føresetnad at det føreligg gode prosedyrar for bruk av legemiddel, og at den som skal gi legemiddelet må være godt kjent med prosedyrane og ha god innsikt i legemidler som vert brukt i tenesta.

Intensjonen med bestemmelsen er at virksomheten kan lage prosedyrer, som ambulansetilsette kan nytte til å administrere legemidler uten lege sin ordinerer til den enkelte pasient i enkelte spesifiserte situasjoner. Det er sett klare grenser for i kva tilfeller bestemmelsen gjeld. Den gjeld berre i situasjonar der slik ordinasjon er nødvendig for å kunne yte forsvarlig helsehjelp, og kor det ikkje er praktisk mogleg at lege ordinerer til den enkelte pasient, til dømes ved at lege ikkje er fysisk tilstades.

Ambulansetenesta har skriftlege rutinar for opplæring og kvalitetssikring for personell som jobbar i ambulansetenesta. Det er innført trinngradering som skil personellet i høve til både formell utdanning og arbeidsgivar sine forventningar om kompetansenivå, bruk av avanserte behandlingsprotokollar og forsvarlegheitsprinsippet., jf. nivåinndeling i ambulansetenesta. Gradering er vurdert basert på formell utdanning, kvalifikasjonar, spesialkurs og bedriftsintern utsjekk/resertifisering i tråd med tenesta sin opplæringsplan og kvalitetssikringsrutinar.

Behandlingsprotokollar når lege ikkje er fysisk tilstades – trinn 2 personell

Ambulansepersonell med tenesta si trinn 2 godkjenning kan behandle pasienter inkludert legemiddeladministrasjon etter prosedyre og tiltakskort når lege ikkje er fysisk tilstades.

Behandlingsprotokollar når lege ikkje er fysisk tilstades – trinn 1 personell

Ambulansepersonell med tenesta si trinn 1 godkjenning skal som hovudregel berre gi legemiddel etter direkte ordinerer fra lege.

Om det er eit påtrengande behov, og det ikkje oppnåast kontakt med lege innan rimeleg tid, kan trinn 1 personell administrere legemiddel etter prosedyre og tiltakskort. Dette må sjåast som ein nødrettssituasjon og utløyser plikt til å føre dette som ei uønska hending.

Det vert presisert at personell må innrette seg etter sin kompetanse jf. Lov om helsepersonell § 4 om forsvarlegheit.

Samhandling

Ved samhandling med anna helsepersonell, skal som regel kommunelege (vaktlege) ta avgjerse i medisinske spørsmål som gjeld undersøking og behandling av den enkelte pasient. Når helsepersonell med rekvireringsrett (lege) er tilstades skal ordinering av legemidler skje på vanlig måte.

På ambulanseoppdrag er det vanlegvis legevaktslege som har det medisinske ansvaret og som primært skal kontaktast gjennom AMK Førde om det oppstår behov for konsultering. Om denne ikkje er tilgjengeleg, kan ein søkje medisinsk råd frå vakthavande AMK lege gjennom AMK Førde.

Grunnlagsinformasjon

Rettsgrunnlag for legemiddelhantering

Både «Lov om Helsepersonell» og «Forskrift om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp» gir grunnlag for at verksemda kan basere seg på ordinerer etter prosedyre.

Lov om helsepersonell

§ 11 Rekvirering av reseptbelagte legemidler:

Bare leger og tannleger kan rekvirere reseptbelagte legemidler. Departementet kan i forskrift bestemme at annet helsepersonell med autorisasjon eller lisens kan få begrenset rekvireringsrett.

§ 16 Organisering av virksomhet som yter helse- og omsorgstjenester:

Virksomhet som yter helse- og omsorgstjenester, skal organiseres slik at helsepersonellet blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter.

Departementet kan i forskrift fastsette nærmere bestemmelser om ordinerer av legemidler gjennom virksomhetens prosedyrer som skal kunne erstatte leges eller tannleges individuelle ordinerer til enkeltpasienter.

Forskrift om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp

§ 7 Krav til istandgjøring og utdeling

Helsepersonell skal sørge for at riktig legemiddel gis til riktig pasient, i riktig dose, til riktig tid og på riktig måte.

Istandgjøring og utdeling av legemidler skal som hovedregel skje på grunnlag av ordinerer gjort til enkeltpasient. Unntatt fra dette er utdeling av legemidler som skjer på grunnlag av ordinerer gjennom virksomhetens prosedyre og gjelder kun situasjoner der slik ordinerer er nødvendig for å kunne yte forsvarlig helsehjelp. Prosedyren skal være fastsatt av virksomhetsleder, og utarbeidet i samråd med helsepersonell med rekvireringsrett til pasient.

I kommentarane til legemiddelhåndteringsforskriften, IS 7/2025, kap. 4.8.2 ordinerer etter prosedyre, visast det til konkrete eksempler:

Denne forskriftens § 7, andre ledd, gir nødvendig rettslig hjemmel for utdeling av legemidler på grunnlag av ordinerer gjennom virksomhetens prosedyre. Dette er for å kunne yte forsvarlig helsehjelp, når helsepersonell med rekvireringsrett ikke er tilgjengelig på stedet og kan ordinere legemidlene.

Ordinerer gjennom prosedyre er et unntak fra hovedregelen om at det som hovedregel er leger og tannleger som skal ta beslutninger om rekvirering og ordinerer av legemidler, jf. helsepersonellovens § 11. I

helseinstitusjoner og virksomheter som yter helsehjelp, vil det ikke alltid være praktisk mulig at rekvirent (i hovedsak lege) er til stede for enhver igangsetting og instruering av legemiddelbehandling av den enkelte pasient. Et eksempel er i ambulansetjenesten eller på sykehjem. Der det er nødvendig for å kunne yte forsvarlig helsehjelp til pasientene, kan virksomheten organiseres slik at ordinering av legemidler kan skje i henhold til på forhånd fastsatte helsefaglige prosedyrer. Slike prosedyrer vil kunne erstatte en individuell ordinering til enkeltpasienter gjort av rekvirerende lege. Ordinering gjennom prosedyrer kan da skje til grupper av pasienter som er definert ut fra nærmere bestemt helsetilstand. Når helsepersonell med rekvireringsrett er tilgjengelig skal ordinering av legemidler skje på vanlig måte.